SAMNAGER KOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN
SAK NR ........ J.NR ........
15 MAI 2017
EMNEKODE ........
OBJEKTKODE ........
SAKSH ........ GRADERING ........

Skjold, 11. mai 2017

*Nils Høysæter*

*Bjørnevegen 15B*

*5236 RÅDAL*

Samnanger kommune

5650 TYSSE

**MERNAD TIL KOMMUNEPLANENS AREALDEL**

Eg viser til kommuneplanen som no er lagt ut til offentleg høyring. Eg ber om at dei tre godkjende hyttetomtene gnr 33, bnr 142, 143 og 144 vert vist som framtidig byggeområde for hytter. I forslaget til kommuneplan er arealet for hyttebygging i dette området gjort mindre i høve til gjeldande kommuneplan, og det er difor viktig at planen vert retta opp på dette punktet. Dei tre tomtene er vist skissemessig på vedlagte forslag til plankart.

Alle tre tomtene har tinglyst skøyte, målebrev og vegrett fram til tomtegrensene, og tomtene er slik sett byggeklare. For å unngå å måtte søkje om dispensasjon frå kommuneplanen, må tomtene visast som byggeområde og ikkje som LNF-område. Kommuneplanen er eit juridisk bindande dokument, derfor er dette svært viktig.

Vennleg helsing

Nils Høysæter